



Øygarden
næringsutvikling KF



ØYGARDEN NÆRINGSUTVIKLING

AUGUST 2023

MÅNADSBREV

Les meir på:

www.oygarden.kommune.no/naringsutvikling/



Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Hausten straks for tur, og Øygarden næringsutvikling er godt i gang.

Arendalsuka

Saman med ein liten delegasjon frå Øygarden kommune besøkte Øygarden næringsutvikling Arendalsveka nokre dagar i midten av august. I ekte vestlandsver inntok vi sørlandsbyen rigga for over 2000 små og større arrangement. Mange interessante innlegg og debattar relevant for framtidsutviklinga innan industri, og samfunnsutviklinga generelt i Øygarden. Også i Arendal får vi bekrefte at Øygarden har tatt posisjon som sentral aktør i det grønne skiftet.

Elektrifisering, optimalisering og effektivisering av energiløysingar, samt løysingar for eit karbonnøytralt klima var «heite poteter» på debattane eg bivåna.

«Key takeaways» for meg:



Norge er ein viktig energinasjon og i framtida. Kraft og fornybar energi vil vere mangelvare i mange år framover, og vi treng difor fleire alternative energiberarar for å skapa den optimale energimiksen. I tillegg må ein raskt gå i gang med å optimalisere og effektivisere dagens energiforbruk.



Det er eit stort gap mellom tilgjengeleg energi og det behovet vi har for å nå klimamål og utviklinga i det grønne skiftet. Norge sit på mange gode løysingar og teknologi, men vi er avhengig av marknad og kundar for å klare å lukkast.



Næringslivet må sjølv vere ein drivar for å få på plass ein marknad for etterspørsel. Men verkemiddelapparatet må støtte oppunder initiativ frå næringslivet og leggje til rette for at heile næringskjeder vert etablert. I tillegg må næringspolitikken ha klare mål og ha føreseielege vilkår for næringslivet for å nå klimamåla ein har forplikta oss til.



Kommunane har ei sentral rolle for den berekraftige omstillinga av næringslivet. To tredjedelar av dei 169 delmåla til FN sine berekrafts mål kan berre nåast gjennom lokal og regional handling skriv UN Global Compact i sin rapport om kommunen sine ulike roller for berekraftig omstilling i næringslivet. Kommunen er viktig både som samfunnsutviklar, støttespelar, arealplanleggjar og innkjøpar. Framover skal klima og miljø vekte 30-50 % ved offentlege anskaffingar (KS sitt berekraftsnettverk).



Og ikkje minst – riktig kompetanse må på plass raskt. Det viktig at næringslivet, forvaltninga og FOU jobbar tett saman.



ARENDALSUKA





Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Grøn Hub Vest

Arbeidet kring Grøn Hub Vest går vidare, og no i august har vi hatt første møte i «interim styringsgruppe» etter tilrådinga frå kommunedirektøren til formannskapet 13. juni. I dette første møtet deltok dagleg leiar i VNR, styreleiar i ANR, næringsutviklar i Askøy kommune og dagleg leiar i Øygarden næringsutvikling. Konklusjonen i møtet er at ein tykkjer den anbefalte operative hubmodellen er noko komplisert. Næringsråda skal fram til neste møte i slutten av september lufta med næringslivet korleis dei ser for seg at Grøn Hub Vest best tenleg vidareførast for å dekkja alle moglegheitene som er belyst i studiet.

Det som er svært hyggeleg er at begge prosjektsøknadane som vart sendt til Vestland Fylkeskommune med direkte utspring frå moglegheitene avdekkja i studiet er innvilga. Øygarden næringsutvikling har vore initiativtakar bak begge prosjekta under utlysinga «Berekraftig verdiskaping 2023».

Litt om prosjekta:

1

Moglegheitsstudie for etablering av biogassanlegg på Skaganeset er tildelt kr. 700 000,-. Prosjekteigar er Trient AS, med Øygarden næringsutvikling og Vest Næringsråd som viktige bidragsytarar. Kort om bakgrunn for søknaden: Øygarden og Askøy kommuner har gjennomført mulighetsstudien "Grønn Hub Vest", hvor Skaganeset ble identifisert som et av 9 områder i kommunene med stort potensiale for industriell symbiose i retning etablering av et biogassanlegg. En viktig grunn er at de fleste bedriftene på området har alle innsatsfaktorer som passer i biogassproduksjon eller kan ta nytte av biogass eller reststoff fra produksjonen. Hovedformålet med dette prosjektet vil være å analysere den totale effekten av et slikt anlegg.

Prosjektvarigheit: 6 månadar

2

Havvind i vest - hvordan skal leverandørindustrien i Vestland rigge seg for havvindmarkedet er tildelt kr. 560 000,-. GCE Ocean er prosjekteigar, og med oss har vi tunge aktørar frå verdikjeda fleire stadar i Vestland. Kort om søknaden: Konsortiet bak søknaden har identifisert behov for et prosjekt der næringslivsaktører med markedsrett er drivere for å sette Vestland på havvind-kartet. Prosjektet skal tilrettelegge for at involverte aktører får kompetanse nok til å igangsette arbeid og konkrete tiltak i retning av å realisere en posisjon i verdikjeden for havvind. Dedikerte arbeidsgrupper vil jobbe innenfor de fire arbeidsstrømmene verdikjede, infrastruktur, leverandørindustri og kompetanse.

Prosjektvarigheit: 12 månadar





Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Næringsvennleg kommune

Oppfølginga etter spørjeundersøkinga «næringsvennleg kommune» ute før sommaren er godt i gang, og 12. september er næringslivet invitert til digitalt dialogmøte. Pr. no er det 45 påmeldte og PwC vil presentere funn og vere prosessleiar basert på utarbeida metodikk. Etter kartlegginga og tilbagemeldingar frå dialogmøtet skal forstudiet oppsummerast i ein førebels rapport. Dette dannar grunnlag for eit forprosjekt med forslag til vidare tiltak for næringsarbeidet i kommunen. Les meir om frukostmøtet og prosessen vidare [her](#), og meld deg sjølvst på.

Ny jobbmesse for flyktningar


Saman med VNR, NAV og Flyktingtenesta i kommunen er Øygarden næringsutvikling med-arrangør under jobbmesa for flyktningar 26. september. Målet er at minimum 10 lokale verksemder stiller på stand denne ettermiddagen. Gode erfaringar vart gjort ved førre messe, og fleire flyktningar er komen ut i jobb. Dette er eit felles samfunnsansvar som svarar opp under FN sine berekraftsmål for sosiale forhold, og i tråd med regjeringa sin strategi for å få fleire flyktningar ut jobb. For flyktingane er det viktig å kjenna at dei har moglegheit til å bidra i sitt nye heimland, og norskkunnskapane er ikkje til hinder; mange av dei er allereie mykje betre i norsk enn ein skulle kunne forvente.

Er Øygarden næringsvennleg?

169 bedrifter svarte på undersøkinga om kommunen er næringsvennleg rett før sommaren. På dette digitale frukostmøtet får du vite kva næringslivet har svart.



Sentrale personar i arbeidet med prosjektet Næringsvennleg kommune. Frå venstre; Kari-Anne Landro (dagleg leiar i Vest Næringsråd), Hanne Misje Lokøy (dagleg leiar i Øygarden næringsutvikling KF), Eli Janette Fosso (samfunnsplanleggjar), Hanna Gjesdal (einingsleiar plan, geodata og oppmåling) og Reidun Våge Danielsen (einingsleiar for byggesak, tilsyn og miljøforvaltning).



Bilde: Thomas Bedin
Kilde: ndla.no

“ Den sosiale delen av bærekraftig utvikling handler om å sikre at alle mennesker får et godt og rettferdig grunnlag for et anstendig liv.”

Kilde: ndla.no





Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Forsking og utvikling

Forskinsinstitusjonar og universitet har i desse dagar inne søknadar hos forskningsrådet om å bli tildelt FME status. FME = forskingssenter for miljøvennleg energi. Sentra som får tildeling skal arbeida langsiktig med forskning retta mot fornybar energi, energieffektivisering, CO2 handtering og samfunnsvitskap. Denne forskinga skal skje i tett samarbeid med næringsliv og forvaltning. ØNU er kontaktpunkt for Øygarden kommune i fleire av desse initiativa. I sommar har Øygarden kommune sagt ja til å eventuelt vere partner i FME Future Norwegian Energy Security of Supply (Energy SOS) og OW2040 (Offshore Wind 2040) blant 50 andre brukarpartnarar, dersom dei får stønad frå forskningsrådet.

HyValue har allereie fått FME status og er eit av to senter i Norge som forskar på hydrogen. I desse dagar ser HyValue på moglegheita for å forske på det samfunnsmessige rundt etablering av hydrogenanlegg her i Øygarden.

Vi er inne i valmånaden, god innsjutt og godt val!

Helsing Hanne

